LINDÅS KOMMUNE
Vegavdelinga

Nils Gullak Kvalvågnes
Kvalvågnesvegen 681
5956 HUNDVIN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Irene Wilhelmsen | 18.01.2018 |
| Vår: 18/53 - 18/1756 | Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no | |

# Svar - Støy og trafikksikringstiltak langs Risøyvegen

Eit ynskje om støyskjerming mellom den kommunale Risøyvegen og eigedom 123/159, vert i dette tilfellet ikkje oppfyllt. Eigedom 123/159 ligg tett på eit kryss. Ein støyskjerm vil hindre sikt i krysset og dermed vere trafikkfarleg. Vegeigar set normalt ikkje opp støyskjermar langs private eigedomar. For å kunne vurdere eit slikt tiltak må huseigar vise til at det er utført godkjente målingar med godkjent utstyr, kor støy på eigedomen vert dokumentert helsefarleg ut frå gjeldande regelverk.

Når det gjeld sikring for å unngå uønska situasjonar, ved at born eller andre kjem ut i vegen frå privat eigedom, er det huseigar sjølv som er ansvarleg for å hindre dette.
Eigar kan plante hekk eller setje opp gjerde langs eigen eigedom dersom lovverket vert fulgt.
Det du må vere merksam på er at lova regulerer kor nært du kan plante/byggje mot offentleg veg og kryss. Det er i tillegg reglar for kor høg ein hekk eller eit gjerde kan vere før det er trafikkfarleg og til hinder for sikt ved kryss og avkøyrsler. Når ein eigedom ligg like ved veg slik 123/159 gjer, er slike tiltak søknadspliktige.

Fartsggrensa forbi eigedom 123/159 er 30 km/t. For informasjon vart det vart utført trafikkteljing med fartsmåling langs Risøyvegen i september 2015. Den viste ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 300 bilar. Målt fart kvalifiserte då til at det vart etablert ein fartshump på strekninga.

Med helsing

Irene Wilhelmsen
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

**Kopi til:**
Rune Kilen

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Nils Gullak Kvalvågnes | Kvalvågnesvegen 681 | 5956 | HUNDVIN |